

Velkommen til fagsamling for organistar og kantorar

Torsdag 1. mars 2018
i Molde domkirke

Tema: «Gudstenesta»
Gjest: Trond Kverno



Kjære kyrkjemusikarar!

Kyrkjemusikalsk råd i Møre har gleda av å invitere dykk til fagsamling i Molde domkirke torsdag 1. mars 2018! Gudstenesta blir hovudtema for denne samlinga. Bidragsytarar på fagdagen blir Trond Kverno, og stikkord for innhaldet i det han vil formidle denne dagen er:

Overordna tenking rundt gudstenesta

- liturgi og liturgisk tenking
- gudstenesta som dramaturgi
- bruken av forspill
- småstykke til inspirasjon og bruk
- orgelets rolle i gudstenesta
- korets rolle i gudstenesta.

Kverno har vært ein sentral person innan musikkteoriundervisninga ved Norges musikkhøgskole frå starten i 1973. Sidan 1978 har han vært førsteamanuensis i kyrkjemusikk og satslære. Han har spesielt arbeidet med de meir kreative og utøvande sider av satslæra: liturgisk orgelspel, improvisasjon og satsskriving for bruk i kyrkjemusikalsk samanheng. Han også vært involvert i faga liturgikk og hymnologi.

I 1994 blei han utnemnt til professor i kyrkjemusikk, med kyrkjemusikk-komposisjon som fordjupingsområde. Kverno var medlem av liturgikommisjonen for den norske kyrkja (1976–1978), som var ansvarlig for å utforme ny liturgi for høgmissa i Den norske kyrkja. I 1975 vant han Liturgikommisjonens konkurranse om ny messemusikk. I den noverande høgmesseliturgien er det difor fleire melodiar frå Kverno. Som medlem av liturgikommisjonen var han også med på forarbeidet til utgivinga av Norsk Salmebok i 1985. I den nye salmeboka er han representert med 29 melodiar. Melodiar av Kverno finn ein også i svenske, finske, danske, islandske og tyske salmebøker. Kverno var erkeprest i Den norske ortodokse kyrkja frå 1996 fram til den blei delt opp rundt tusenårsskiftet. Han har sidan vore biskop i Den Hellige Oppstandelses Stift innen Apostolic Orthodox Catholic Church in Europe. Kverno har hatt organiststillingar i Tanum, Rjukan, Fagerborg, Ris og i Svenska Margaretakyrkan i Oslo. Han har også hatt stilling som komponist og liturgiutviklar i Oslo domkirke og ei liknande stilling i Gamle Aker kirke i Oslo.

Merk: Onsdag 28. februar kl 19.00 blir det salmekveld i Molde domkirke med Trond Kverno, Molde domkantori, Schola Cantorum, m.fl. Nytt høvet til å komme kvelden før og få med deg ei flott oppleving i domkyrkja!

Vel møtt til fagdag!

Program

| | |
|-----------|---|
| Kl. 10.15 | Liturgisk opning i kyrkjerommet med Trond Kverno |
| Kl. 10.45 | Kaffe/frukt (programmet resten av dagen blir i kyrkjekjellaren) |
| Kl. 11.00 | Trond Kverno 1. økt |
| Kl. 12.00 | Varm lunsj |
| Kl. 13.00 | Trond Kverno 2. økt |
| Kl. 14.00 | Kaffe og frukt |
| Kl. 14.20 | Trond Kverno 3. økt |
| Kl. 15.30 | Slutt |

PRIS:

Pris for fagsamlinga er kr 550 + reiseutgifter. Søk arbeidsgjevar om å få delta og om utgiftsdekking.

PÅMELDING:

Påmelding skjer elektronisk via Møre bispedøme si heimeside www.kirken.no/more. Der vil du finne omtale av fagdagen. Klikk vidare på påmeldingsskjema. Om det av ein eller annan grunn ikkje fungerer, kan påmelding gjerast via e-post til jb862@kirken.no.

Siste frist for påmelding er **tirsdag 26. februar.**

